

Vestlandsrådet

Vedlegg: AU-sak 8/13 Forfall på fylkesvegnettet og el-tilstanden i tunneler

Bakgrunn

I møte i Vestlandsrådet 221012 blei det vedteke at AU skulle sjå nærare på en sak om forfallet på fylkesvegnettet. Likeeins blei det tatt opp spørsmål i Vestlandsrådets møte 051212 om el-tilstanden i tunnelane. Begge desse blir handsama i denne saka.

21. februar 2013 offentliggjorde Statens vegvesen ein rapport om kva det vil koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet. I samråd med fylkeskommunane har Statens vegvesen føreteke ei kartlegging av kva det vil koste å fjerne forfallet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet. Kartlegginga omfattar ikkje identifisering, vurdering eller prioritering av strategiar for å fjerne forfallet. Kartlegginga omfattar ikkje kostnader for å rette opp manglande generell vegstandard (kurvatur, stigning, vegbredde etc.). Kartlegginga viser at det vil koste om lag 45 - 75 mrd. kroner å fjerne forfallet på fylkesvegnettet på landsbasis. Av dette knyter om lag 35 pst seg til vegoverbyggingen (vegfundament og vegdekker), om lag 24 pst. til tunnelar, om lag 17 pst. til bruar og ferjekaier, om lag 14 pst. til vegutstyr og miljøtiltak og om lag 11 pst til drens- og avløpsanlegg.


I dette dokumentet er resultatata frå dei fire Vestlandsfylka samanfatta.

Samla forfall på fylkesvegnettet på Vestlandet

Samla kostnad for dei fire Vestlandsfylka for å fjerne forfallet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet er om lag 18,5 mrd. kr. Den totale kostnaden er fordelt med 2,4 mrd. kr på Rogaland, 6,5 mrd. kr på Hordaland, 4 mrd. kr på Sogn og Fjordane og 5,6 mrd. kr på Møre og Romsdal.


Fylke	Total kostnad	Tunnelar	Vegoverbygging	Vegutstyr og miljøtiltak	Drens- og avløpsanlegg	Bruar	Ferjekaier
Rogaland	2400	700	560	270	170	560	65
Hordaland	6500	2500	610	1200	560	1500	140
Sogn og Fjordane	4000	2600	520	450	200	150	50
Møre og Romsdal	5600	3200	390	470	270	830	380
Totalt	18500	9000	2080	2390	1200	3040	635

Tal i mill. kr




Vestlandsrådet

Av det samla registrerte behovet på om lag 18,5 mrd. kr for å fjerne forfallet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet er om lag 9 mrd. kr knytt til tunnelar, 2 mrd. kr til vegoverbygning, om lag 2,4 mrd. kr til vegutstyr og miljøtiltak, 1,2 mrd. kr til drens- og avløpsanlegg, 3 mrd. kr til bruer og 635 mill. kr til ferjekaier.



Samla forfall på fylkesvegtunnelane i Vestlandsfylka

Det er totalt 377 fylkesvegtunnelar på Vestlandet.




Vestlandsrådet

Samla forfall på desse tunnelane er rekna til 9 mrd. kr. Av dette er om lag 4,1 mrd. kr knytt til strukturelle tiltak i tunnelane, om lag 1,2 mrd. kr til anna oppgradering, om lag 1,1 mrd. kr til elektroforskrift, 1,6 mrd. kr til tunntryggleiksforskrift, 380 mill. kr til utskifting av PE-skum og 532 mill. kr til andre tiltak/årsaker.

Fylke	Tal fylkesvegtunnelar	Samla behov	Strukturelle tiltak	Anna oppgradering	Elektroforskrift	Tunnel-tryggleiksforskrift	Utskifting PE- skum	Utskifting andre årsaker
Rogaland	52	700	215	155	150	85	80	8
Hordaland	121	2500	560	545	590	500	300	4
Sogn og Fjordane	143	2600	1100	465	385	615	0	55
Møre og Romsdal	61	3200	2300	25	0	430	0	465
Totalt	377	9000	4175	1190	1125	1630	380	532

Tal i mill. kr



Registrering av akutte behov på fylkesvegnettet og fylkesvegtunnelane

Statens vegvesen har gjennom sin rapport kartlagt kostnadene med å fjerne forfallet på fylkesvegnettet, men tid om anna vil det dukke opp akutte behov som må løysast så snart som råd.

Sogn og Fjordane

Hausten 2012 avdekkta Statens vegvesen store ekstraordinære utfordringar i tunnelane på fylkesvegnettet gjennom tunnelinspeksjon, elektroinspeksjon og ordinær driftsoppfølging. Det samla behovet vart kalkulert til om lag 101 mill. kr.

Ut frå dette løyvde fylkestinget i desember 2012 53 mill kr til ekstraordinært og akutt tunnelvedlikehold i 2013. Ein reserverte samstundes 48 mill kr i økonomiplanen for 2014. Totalt altså meir enn 100 mill kr.

Vestlandsrådet

Område	Merknad	Mill. kr Samla behov
Fv. 53 Midnestunnelen	Lause plater som dett ned. Skifte elektrisk anlegg	30
Fv. 55 Høyangertunnelen	Lause plater og vifter som må skiftast. Skifte elektrisk anlegg og naudsamband m.m. er ikkje inkludert i kostnadstala. Ambisjonsnivå for rehabilitering er ikkje avklara	35
Fv. 53 Finnsåstunnelen *	Jordfeil pga. for låg isolasjonsmotstand i ex-kablar. Har slege av straumen	4
Fv. 53 Kolnostunnelen *	Jordfeil pga. for låg isolasjonsmotstand i ex-kablar. Har slege av straumen	1
Fv. 53 Bermålstunnelen *	Jordfeil pga. for låg isolasjonsmotstand i ex-kablar. Har slege av straumen	13
Fv. 602 Feiostunnelen	Jordfeil pga. for låg isolasjonsmotstand i ex-kablar. Har slege av straumen	1
I tillegg har vi tunnelar med jordfeil der straumen førebels ikkje er slegen av, strakstiltak i fleire tunnelar som følgje av tunnelinspeksjonar, samt igangsette tiltak som må fullførast:		
Ex-kablar med jordfeil (ikkje mørklagde enno)	Fv. 60 Tyanestunnelen og Stavenestunnelen, fv. 55 Tusviktunnelen, fv. 55 Kongsnestunnelen, fv. 55 Årøytunnelen	3
Strakstiltak etter tunnelinspeksjon	Fv. 53 Finnsåstunnelen, fv. 53 Kolnostunnelen, fv. 53 Midnestunnelen, fv. 53 Bermålstunnelen, Steiggetunnelen, fv. 241 Bakkatunnelen, fv. 331 Sørheimstunnelen, fv. 337 Merkeskredatunnelen, fv. 602 Feiostunnelen	6
Avslutning av igangsette tunneltiltak	Fv. 50 Vassbygd tunnelen, fv. 614 Isetunnelen (også ex-kabel)	9
Totalt		101

* Kostnad avhengig av alternativ for løysing

Hordaland

Det er 121 fylkesveg tunnelar i Hordaland, med et samlet registrert behov på om lag 2,5 mrd. kroner for å fjerne forfall og gjøre nødvendig oppgradering. Det er kun i 14 av tunnelene det ikke er registrert behov for tiltak. De største kostnadene er knyttet til fv 551 Folgefonntunnelen (om lag 290 mill. kroner) og fv 569 Modalstunnelen (om lag 240 mill. kroner). Behovene i disse to tunnelene alene utgjør i overkant av 20 pst. av de totale kostnadene for fjerning av forfall og oppgradering av fylkesveg tunnelene i Hordaland. I Folgefonntunnelen er det oppfyllelse av forskriftsfestede krav (tunnelsikkerhetsforskrift og elektroforskrifter) som er den største utfordringen, mens det i Modalstunnelen i tillegg er behov for utskifting eller sikring av PE-skum samt diverse strukturelle behov. For alle fylkesveg tunnelene i Hordaland sett under ett er det om lag like store behov knyttet å oppfylle tunnelsikkerhetsforskriften, elektroforskriftene, strukturelle behov og andre oppgraderingstiltak,

Vestlandsrådet

Bergensområdet:

Tunnel	Veg	lengde	Kontroller	Planlagt utskifta vis det	Jordfeil
Spjeld	Fv561	113	x	2016	Ja
Lonevåg	Fv567	961	x	2016	Ja

Sunnhordaland og Nord Rogaland:

Veg nr.	Tunnel navn	Lengde	Jordfeil
Fv 46	Almenningen	642	Ja
Fv 46	Drenstig	1232	Ja
Fv 632	Sildafjell	1055	Ja

Voss og Hardanger:

Veg nr.	Tunnel navn	Lengde	Kontrollert		Jordfeil
Fv 550	Eitrheimstunnel	1682	x		Ja
Fv 550	Jonatunnel	731	x	planlagt skifta 2012/2013	Ja, periodisk
Fv 550	Monsatunnel	137	x	planlagt skifta 2012/2013	Ja, periodisk
Fv551	Furebergstunnel	736	x		Nei
Fv 7	Hansagjeltunnel	697	x		ja
Fv 7	Tokagjeltunnel	409	x		ja
Fv 7	Teigabergstunnel	423	x		ja
Fv 7	Fossagjeltunnel	365	x		ja
Fv 7	Fossenbrattetunnel	665	x		Ja
Fv 7	Raunekleivtunnel	250	x		Ja
Fv 7	Snauhaugtunnel	349	x		Ja
Rv 13	Kviturtunnel	470	x		ja

Rogaland

Sør Rogaland:

Veg nr	Tunnel navn	Lengde	Jordfeil
Fv 281	Frafjord	3812	Ja

Vestlandsrådet

Møre og Romsdal

Møre og Romsdal:

Veg nr.	Tunnel navn	Lengde	kontrollert	EX-kabel	Jordfeil
Fv62	Øksendalstunnelen	6 000	X	X	JA
Fv62	Hammartunnelen	248	X	X	NEI
Fv64	Viktunnelen	290	X	X	NEI
Fv191	Viketunnelen	3 222	X	X	JA
Fv354	Hegerbergstunnelen	261	X	X	NEI

Forslag til vedtak:

1. Saka tas til orientering
2. Vestlandsrådet må følge opp tunnelsikringsaka i lys av regjeringas framlegging av NTP 12. april i år.